

HELSE VÅR

Internavis for Helse Førde
nr 1 januar 2010 Årgang 5

Visjon:
Vi skal fremje helse
og livskvalitet

www.helse-forde.no

Stor deltaking i strategiarbeidet

Dei opne arbeidsmøta i samband med "Helse Førde 2020" har samla bra deltaking.

Ønskjer meir dagkirurgi

Ei arbeidsgruppe som ser på den ortopediske aktiviteten meiner meir kan gjerast på dagtid.

HELSE FØRDE MOT 2020

Det meste av innhaldet i denne utgåva av internavisa handlar om det pågåande strategiarbeidet i Helse Førde.

Vi er i gang med eit svært viktig og omfattande arbeid. I denne prosessen ønskjer vi å involvere flest mogleg, og difor kjem det til å bli mykje informasjon som har med strategidebatten å gjere framover. Som ei markering startar vi med å bruke januarutgåva som ei "strategiavis", seier informasjonssjef i Helse Førde, Arne Eithun.

Han viser også til at det på nettsidene til føretaket vil kome oppdatert informasjon framover.

– Vi har oppretta ei side som vi har kalla Helse Førde 2020. Her legg vi blant anna ut møte- og kommunikasjonsplanen, og vi kjem til å samle alle nyhendeskene vi har om strategiarbeidet. I tillegg kan tilsette og folk flest på ein enkel måte finne lenkjer til viktig informasjon, seier han.



INFORMASJONSSJEF:
Arne Eithun meiner informasjon er viktig for å involvere.

DEN VIKTIGE KARTLEGGINGA



Dei har brukt det siste halvåret på å kartleggje drifta i Helse Førde. Funna som er gjort blir svært viktige i det vidare strategiarbeidet, både på kort og lang sikt.

Det har vore viktig å få oversikten over no-bilete i føretaket. Det gjeld alt frå samansetting av personalet til ventetider og tal liggedøgn, og ikkje minst dei økonomiske forholda. Slike fakta er nyttige, seier Kari Kjos (bilete).

I lag med nokre av dei fremste fagfolka i Helse Førde har seniorrådgjevaren brukt mykje tid i kartleggingsfasen, både i prosjektet Døgn til dag og i arbeidet med strategiplanen fram mot 2020. Ho er svært takksam for dei mange innspela som er kome.

Treng endringar

– Eg er veldig imponert over den positive haldninga vi møtte på tross av korte fristar for travle folk. Funna vi har gjort så langt syner at dei som sitt

tett på utfordringane i føretaket ser at det må endringar til viss vi skal klare å gi diagnose og behandling av god kvalitet, seier Kjos.

Ei av dei som har vore med i kartleggingsarbeidet, er oversjukepleiar på kirurgisk avdeling, Evelyn Stavang.

Kunnskap viktig

– Mi rolle har vore å kunne seie noko om sjukepleiefagleg standard og erfaringar kring kirurgiske pasientar sine behov. Eg har også innhenta kunnskap og informasjon frå andre sjukepleiarar i klinikken, seier Stavang.

I tillegg til kartlegginga, har det også vore viktig for dei prosjektansvarlege å sjå på kva moderne medisin er og

KARTLEGGING: Frå kartlegginga i Døgn til dag-prosjektet. Strategiarbeid på kort sikt.

kva innverknad dette vil ha for drifta i framtida.

– Vi har samla informasjon om korleis utviklinga blir, og kva som er viktig for at vi skal gje tenester av høg kvalitet. I dette arbeidet har vi også fått ekstern bistand, noko som har vore nyttig for oss.

Visjonar viktig

Kjos forstår dei som kanskje opplever endringsprosessen som tung og omfattande. Då er det viktig å minne om visjonane, ifølge seniorrådgjevaren.

– Vi må hugse at målet er at Helse Førde skal yte moderne kunnskapsbaserte diagnosar og behandling til pasientane i Sogn og Fjordane. Folk her skal få eit like godt tilbod som elles i landet, og det trur eg vi alle kan vere samde om.



NORDFJORDEID:
Frå arbeidsmøte
for dei tilsette.

DEI TILSETTE TOK UTFORDRINGA

Dei opne arbeidsmøta i samband med strategiarbeidet til Helse Førde samla mykje folk, både i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

I dei to første vekene i januar vart det arrangert møter i alle lokal-sjukehusområda til Helse Førde. Arbeidsmøta er ein del av strategiprosessen til styret.

– Ja, dette var veldig bra. Eg synst det var eit godt engasjement, og det viser

nok at dei tilsette er veldig opptekne av at vi skal bevare det gode tilbudet vi har ved sjukehuset.

200 tilsette

Det seier ei av dei som deltok, Oddrun Rye. Ho er oversjukepleiar ved ortopedisk seksjon på Nordfjord sjukehus. Ho var nøgd med deltakinga blant dei tilsette. 60 personar møtte opp i kantina på NSH.

Til saman har over 200 tilsette delteke på dei opne arbeidsmøta i Helse Førde (inkludert klinikkråda). I tillegg kom rundt 100 personar på kveldsmøta.

Arbeidsmøta i strategiprosessen er delte inn i to grupper. Først for tilsette i Helse Førde, og seinare same dag for eksterne partar. På kveldsmøta møtte både brukarar, pårørande, mange lokalpolitikarar og andre som er engasjerte i sjukehusdebatten.

Gruppearbeid

Opgåva det vart brukt mest tid på rundt gruppeborda var kva som er dei viktigaste føresetnadane for å få til visjonen til føretaket, nemleg å fremje god helse og livskvalitet. Og korleis ein best kan gje kunnskapsbasert diagnose og spesialistbehandling i Sogn og Fjordane.

– Vi kunne godt fått meir tid. Det er viktige spørsmål vi diskuterer og sånn sett kunne vi brukt fleire kveldar på dette.

Meir tid

Det sa Rønnaug Jansen som er seksjonsleiar på LMBB ved Lærdal sjukehus. Samstundes meiner ho arbeidsmetoden som vart nytta i gruppearbeidet var god.

– Eg synst det fungerer greitt, og så håpar eg at desse innspela vil vise igjen og blir tekne på alvor, sa ho.

FAGFORBUNDET NØGD MED METODEN

Fagforbundet er nøgd med metoden som Helse Førde brukte i arbeidsmøta med dei tilsette.

V i har fått tilbakemeldingar om at dette har fungert veldig bra, og at ein slik måte å jobbe på også kan brukast i andre samanhengar. Men eg har også høyrst at enkelte har etterlyst litt meir informasjon om sjølve møta og kva oppgåvene går ut på, seier føretakstillitsvald for Fagforbundet, Kjell Nygård.

Han var sjølv tilstades og deltakar på gruppemøta i Lærdal og Førde. Han opplevde då at det vart jobba kreativt rundt dei mange borda.

– Her får alle kome til ordet, og det er ikkje berre dei sterke røystene som blir høyrst. Det er kjempebra.

Er dette ein måte å gjere det også i andre prosessar enn i strategiplanen?

– Metodikken som er brukt under arbeidsmøta, er den tenkinga som ligg til grunn for pilotsjukehusprosjektet i Helse Førde, betre kjent som



FAGFORBUNDET:
Føretakstillitsvald Kjell Nygård.

Forbetringsprogrammet. Dette er ein metodikk som eg har stor tru på og som tidlegare er blitt brukt i Modells-kommune og Kvalitetskommuneprogramma med stort hell rundt om i landet.

– Dette er program som er godt forankra heilt inn til departementet. Eg håpar og trur at Helse Førde vil nytte tilsvarande metode i andre typar omstillingsarbeid i framtida, både store og små prosessar, seier Nygård.



STORT POTENSIALE FOR DAGKIRURGI

Mykje meir av den ortopediske aktiviteten i Helse Førde kan gjerast på dagtid. Det seier overlege Kristian Humborstad ved Nordfjord sjukehus.

Ei arbeidsgruppe har sett på korleis Helse Førde kan sikre at flest mogleg av dei ortopediske pasientane slepp innlegging på sjukehus. Grappa har vore samansett av Kristian Humborstad, Svenning i Lida, Christian Mader og Thomas Birknes.

Meir å gå på

– Veldig mykje meir kan gjerast dagkirurgisk, spesielt innan områda hand, fot og kne. I samband med skulderoperasjonar gjer vi allereie 60 prosent av inngrepa på dagtid, men også her kan vi auke innsatsen.

Det seier Kristian Humborstad og legg til at enkelte skulderpasientar også i framtida vil ha eit behov for ettersyn og observasjon på sjukehus etter at inngrep er utført.

Interessant arbeid

Arbeidet som Humborstad og hans kollegaer har gjort er ein del av kart-

leggingsarbeidet i prosjektet "Døgn til dag". Eit arbeid som går parallelt, og som heng tett saman med strategiplanen i føretaket.

– Eg synst det har vore veldig interessant å vere med i ein slik prosess der vi ynskjer å betre pasientforløpa og gjere linja meir effektiv enn i dag, seier han.

Planlagt traume

I det vidare arbeidet i "Døgn til dag" tar spesialistgruppa med seg det faktum at det sjeldan blir utført akutt ortopedi i Helse Førde. Difor tar dei sikte på at det som i utgangspunktet

ORTOPEDI: Kristian Humborstad (t.h.) meiner at meir kan gjerast på dagtid av ortopediske operasjonar i Helse Førde.

er øyeblikkeleg hjelp-inngrep, i framtida kan planleggjast i større grad enn i dag.

– Dette ligg nok litt lengre fram i tid, og her må vi tenke i lag med kommunane og dei ulike legevaktene. Slik situasjonane er i dag er det nok mange ØH-pasientar som, av faglege omsyn, blir liggande på sjukehuset og vente på operasjon. Det er ikkje noko i vege for at dei kan blir skrivne ut tidlegare og heller kome igjen når sjølve inngrepet skal skje, seier Humborstad.



STOLT OVER ENGASJEMENTET

Styreleiar i Helse Førde, Clara Øberg (biletet), er stolt over det store engasjementet som har vore i samband med arbeidsmøta i føretaket.

Vi har vore opptekne av at leiinga i Helse Førde skal ha gode prosessar opp mot dei tilsette i dette strategiarbeidet. Arbeidsmøter

med fokus på korleis vi skal nå målsetjingane våre, meiner eg har vore ein god start, seier ho.

Øberg og resten av styret vil etterkvart få dei mange innspela som eige vedlegg til styresaka som skal opp i april.

– Det blir spennande å sjå kva som er kome inn, og ikkje minst om det er forskjell på prioriteringane ut i frå kvar dei tilsette jobbar. Vi skal uan-

sett ta med oss dette, og så får vi sjå kva innspel som styret meiner bør inn i det endelege strategidokumentet, seier ho.

Strategiplanen blir også tema når styret i Helse Førde inviterer ordførarane i fylket til dialogmøte 5. mars. Der vil også helseministeren delta.

– Det er svært gledeleg at ho kjem, seier Øberg.

LUDVIGSEN NY ADMINISTRASJONSSJEF

Gunvald Ludvigsen er attende i Helse Førde. Han starta opp 4. februar som ny administrasjonssjef i føretaket.

Dei siste seks åra har Ludvigsen hatt permisjon frå føretaket på grunn av politiske verv. Først i perioden var han ordførar i Eid og sidan 2005 har han vore stortingsrepresentant. Ludvigsen var før dette direktør ved Nordfjord sjukehus. Ludvigsen er utdanna sosialøkonom.



DAGFINN LORGEN HAR SLUTTA

Dagfinn Lorgen har arbeidd i ulike stillingar i Helse Førde sidan han kom i 2005. Han reiser no austover for å ta til i ei stilling i Oslo kommune.

Lorgen har hatt ansvaret for ei rekkje utviklingsprosjekt i føretaket. Mellom anna har han leia innføringa av nytt saksarkiv, innkjøpsprosjekt, web-prosjekt, innføringa av videokonferansar, MOT prosjektet i føretaket med mange fleire.



Linda Ripe har teke midlertidig over hans oppgåver som leiar for sekretariatet fram til 31. mars 2010. Denne stillinga blir no lyst ut.

JANUAR-BILETE



VINTERSTEMNING: Nordfjord sjukehus i januar 2010.

Utgevar: Informasjonsavdelinga i Helse Førde.
Redaksjon: Arne Eithun, tlf: 970 55 223 • Finn Ove Njøsén, tlf: 920 71 060
Trykk: Sogn og Fjordane Avistrykkeri • ISSN 1890-291X



Mitt
Helse
Førde

Det er viktig at leiarar på alle nivå ved sjukehusa våre ser på dei tilsette som ein ressurs, og ikkje eit problem. Men frå tid til anna opplever eg nok at ikkje alle har den same tilnærminga til dette som meg sjølv.

Eg har arbeidd ved Førde Sentralsjukehus sidan 1987, og har vore med på ei rekke omorganiseringar, så slik sett er ikkje denne prosessen som vi står i startgropa til, unik.

Norske sjukehus har dei seinare åra vore under sterkt press for betydeleg omstrukturering. Dette gjer noko med beslutningstakarane. Dei er pressa frå alle kantar, og spesielt når dette er knytt til økonomi og ressursbruk er det lett å gløyme at det stort sett er menneskjer som vert råka av handlingane. Ein blir oppteken av å levere, vise resultat, og gløymer den viktigaste ressursen som skal vere med å virke til at dette resultatet blir bra for alle. Ca 80 prosent av ressursane i helseføretaket er menneskjer, ikkje maskiner, men personar som har høg fagleg integritet, har behov for tryggleik, forutsigbarheit og anerkjenning. Det seier seg sjølv at skal ein lykkast må dei tilsette kunne identifisere seg med organisasjonens mål og verdiar, og oppleve seg ivaretekne.

Når eg innleiingsvis undrast over

innspel, konklusjonar, vedtak og tilsvaret er det fordi dei har det til felles at nokon brukar si rolle og makt til å overstyre andre, dette gjerast ofte under eit "vern" av den såkalla styringsretten. Problemet med styringsretten er at utøvd på feil måte blir den ei destruktiv kraft som skaper motstand i organisasjonen, og ikkje ei kraft til medverknad og motivasjon hjå dei tilsette. Kort sagt, ein kan ikkje rekne med å lykkast med å snu ein stor organisasjon om dei som arbeider der kjenner arbeidsplassen trua, og eiga rolle usikker. Om vi kan skape ein kultur for at endring ikkje er farleg, men gir gode moglegheiter for å vidareutvikle seg sjølv og for nye arbeidsoppgåver, kan ein lykkast med naudsynte endringar i drifta til helseføretaket.

Eg er overbevist om at prosessen rundt omorganisering kan bli god, om ein tek dei tilsette med på råd og lar dei få reell medverknad, då dette vil skape større forståing for endringar. Dette kan føre til at prosessen tar lengre tid, men likevel sikre ei betre gjennomføring. Mitt mål for Deltas medverknad i strategiarbeidet mot 2020 vil vere å nytte dei tilsette sin kompetanse og erfaringar i vidareutviklinga av Helse Førde.

Inger Johanne Sætènes,
Føretakstillitsvalt Delta Helse Førde.

SOLSKJERMING

20% rabatt

til tilsette i Helse Førde ved ordre innan 1. mars 2010.

Kom innom og sjå fordelane med WAREMA.
Dukbyte markiser: Vi har stort utval i markiseduk!



Telefon 578 26 390
Du finn oss på SHELL i Sentrum Sør
Hafstadvegen 45, 6800 Førde
www.hornnes.no

Markiser
utfall opp til 7 meter

Skjerming
vinterhage

Parasollar
opptil 6x6 meter

Sidemarkiser

Persiener
utvendig 50-150 mm
lamellar

Vindskjerm

Persiener
innvendig 15-50 mm
lemellar

Alt av innvendig
skjerming

Screengardin
utvendig

Dekkekassar i farge
etter eige val u/tillegg
i prisen